



Referat

Drøfting av: Organisasjonsplan for nye Ålesund kommune

Møtestad: ID-huset, Brattvåg

Dato: 6. februar 2018

Tid: Kl. 0815-1015

Møteleiar: Astrid Eidsvik

Deltakarar frå Nye Ålesund kommune: Astrid Eidsvik, Bente Glomset Vikhagen, Reiten, Magne Øvre Karlsen

Deltakarar frå arbeidstakarorganisasjonar og verneteneste: Randi Alvestad, Harald Sten Hatlen, Ann Cathrin Nyhammer, Haldor Lillebø, Kristin H Breivik, Frank Harneshaug, Laila Alvestad, Stein Inge Skogen, Linn Jenny Morsund, Geir Lorentzen, Stig Meisal, Tove Kristensen, Ramona A Arnesen Pilskog, Geir Skodje, Michael Werner, Martha Trones, Frode Nordstrand, Jann Ove Ertresvåg, Hanne Tonning

Innleiing

Som grunnlag for drøftingsmøtet låg dokumentet «Forslag til drøfting 6. februar 2019: Organisasjonsplan for 6 kommunalområder og 4 stabsområder».

Astrid Eidsvik sa til innleiing at dette drøftingsmøtet handlar om forslaget til organisasjonsplan, og at bemanningsplanar vil bli drøfta seinare. Forslaget til organisasjonsplan er basert på eit omfattande arbeid frå styringsgrupper, faggrupper, innspel i høyring og drøftingar i leiargruppa til nye Ålesund kommune. Det har vore lagt opp til å utforme planen etter ein felles struktur, og ein ønsker å unngå store variasjonar mellom kommunal- og stabsområda. Fellesnemnda vedtok i 2018 korleis den overordna strukturen skal vere, og dette er lagt til grunn. Styringsnivå 1/rådmannsnivået leiast av rådmann, med kommunal- og stabssjefar som har rådmannsfullmakter innan sine område. Styringsnivå 2 leiast av verksemdsleiarar med delegert mynde frå rådmannen innan fag, økonomi og personal. Når ein no har laga organisasjonsplan har ein teke med også andre leiarstillingar. I forslaget ligg det at mellomleiarar også har noko delegert mynde, men ikkje fullt ut delegerte fullmakter. Det er mogleg å delegere meir mynde på individuell basis der det er tenlig. I denne fasen har det vore viktig å organisere oss slik at vi kan samarbeide på tvers. Sjølv om ein har laga organisasjonskart for å illustrere dei formelle styringslinjene, er det føresatt stor grad av samhandling og matriseorganisering.

Overordna kommentarar

Geir Skodje ga uttrykk for at planen vil bli betre dersom det vert gitt meire grunngevingar for val og konklusjonar. Harald Sten Hatlen ga uttrykk for at mange av dei innspel og argument som har vore nytta i fag- og styringsgrupper er utelatt frå planen, til dømes argument for lokalisering. Ann Cathrin Nyhammer ga uttrykk for at ein bør finne eit betre namn på kommunalområde Velferd og sysselsetting. Haldor Lillebø ga uttrykk for at ein ikkje bør vere for «trong» i definisjonane av dei ulike leiarstillingane, og viste til at det er foreslått relativt få verksemdar i kommunalområde Miljø, by og stadutvikling. Han ga også uttrykk for at enkelte lovpålagte oppgåver ikkje blir løyst med dagens ressursar, og stilte spørsmål ved kva vi kan gjere med det. Laila Alvestad ga uttrykk for at det i enkelte delar av planen er klart og tydelig kor einingane skal vere, mens det ikkje er konkretisert i andre delar av planen, og etterlyste betre informasjon om dette. Hanne Tønning ga uttrykk for at enkelte avdelingar er små i tal årsverk, mens andre er temmelig store, og stilte spørsmål ved kvifor det er slike forskjellar. Jann Ove Ertresvåg stilte spørsmål ved kva som skal vere innhaldet i leiarstillingane som verksemdsleiar for barnehagar og barnehagestyrar.

Astrid Eidsvik sa at ho har mottatt forslag frå styringsgruppene, og at styringslinja har vore frå faggruppe til styringsgruppe til prosjektleiar, men at det meste som har vore sendt inn er lest. Ho minna om at spørsmål om lokalisering vil bli drøfta i eit eige drøftingsmøte. Når det gjeld synspunkt på namn på einingar, så er det mogleg å ta igjen dette også i tida framover. Ho sa også at ho har hatt god dialog med kommunalsjefen for Miljø, by og stadutvikling om leiarstillingar i området. Når det gjeld ressursar i tenesteområda må vi ta utgangspunkt i dagens bemanning, men også sjå på harmonisering på tvers av kommunane. Ut over dette må behov for auka ressursar behandlast i budsjettprosessane. Ein verksemdsleiar for barnehagar bør ha eit systemansvar for barnehagefaget i verksemda, og ein barnehagestyrar bør ha fagansvar i den enkelte barnehage.

Helse og omsorg

Martha Trones ga uttrykk for at dagtilbod og seniorsenter ikkje bør organiserast saman med fysio- og ergoterapitenestene, og viste mellom anna til nokre av høyringsuttalane til organisasjonsplanen. Ho ga også uttrykk for at den felles fagstaben må få moglegheit til å arbeide med fagutvikling. Frode Nordstrand ga uttrykk for at leiarspennet kan bli stort på avdelingsnivå, og minte om at tal årsverk ikkje alltid er det same som tal tilsette. Frank Harneshaug ga uttrykk for at det er forskjell på styringsspenn i eit senter og eit distrikt, og at ein må ta omsyn til dette. Laila Alvestad viste til nokre av høyringsuttalane, kor enkelte meiner det ikkje er ei god løysing å opprette ei avdeling for koordinering og tildeling. Linn Jenny Morsund viste til at fagstaben og avdelinga for koordinering og tildeling skal vere felles for tre kommunalområde, og spurte om kven dei skal halde seg til som overordna leiar.

Astrid Eidsvik sa at organisering av dagtilbod, seniorsenter, ergo- og fysioterapi m.m. har vore diskutert, og ein er vel kjent med problemstillingane. Det er ulike syn på organiseringa, men ein har landa på at den beste løysinga vil vere å samle dette i ei verksemd. Oppgåver knytt til avtalefysioterapeutar er litt annleis, og det er gode argument for å organisere dette i ei anna eining. Det vert like fullt føresett god samhandling. Ho legg også til grunn at fagstaben må ha god kontakt med verksemdene om fagutvikling. Når det gjeld leiarspenn i verksemdene sa ho at samla tal leiarar er foreslått med sikte på å ha eit overkommeleg leiarspenn, og at ein vil kome tilbake til drøftingar om bemanningsplan i eit seinare

drøftingsmøte. Eidsvik sa at det har vore forskjellige meiningar om å opprette ei avdeling for koordinering og tildeling, men at ho ikkje ser noko betre løysing. Det er viktig å følgje lov- og regelverk knytt til vedtak om tildeling av tenester, og dette kan best sikrast ved å ha ei slik avdeling. Eidsvik sa at leiaren for felles fagstab skal rapportere til kommunalsjef for Velferd og sysselsetting, mens leiaren for avdelinga for koordinering og tildeling skal rapportere til kommunalsjefen for Helse og omsorg.

Velferd og sysselsetting

Hanne Tonning ga uttrykk for at ein verksemdsleiar med meir enn 100 årsverk i verksemda si bør ha eit støtteapparat i verksemda. Ho peika også på at nokre av avdelingane er ganske store. Laila Alvestad stilte spørsmål om innhaldet i nokre av avdelingane, medrekna kjøkken, bustader og psykisk helse og rus.

Astrid Eidsvik sa at bemanningsplan vil vere tema i eit seinare drøftingsmøte. Ho la til at nokre av verksemdene snart vil bli større som følgje av nye planlagde bustader, men at forslaget tek utgangspunkt i dagens tenester. Ho sa at ho ser behovet for fagutviklingsstillingar, men at det ikkje er mogleg å seie noko nærare om det no. Når det gjeld konkret innhald i nokre av avdelingane, så må faggruppene få litt meir tid til å diskutere og foreslå kva som vil vere dei beste løysingane.

Barn, familie og integrering

Harald Sten Hatlen viste til forslaget om organisering av verksemd Integrering og verksemd Barnevern, og stilte spørsmål ved kvar avdelingane skal lokalisrast. Martha Trones ga uttrykk for at verksemd helsestasjon bør ha tre avdelingar, og ikkje to, og peika på at den eine avdelinga er planlagt med ca. 35 årsverk. Randi Alvestad ga uttrykk for at avdeling Ressursbase i verksemd Familiestøtte bør organiserast i geografiske team og ikkje i fagteam.

Astrid Eidsvik sa at bemanningsplan skal drøftast i eit seinare drøftingsmøte, og at lokalisering skal drøftast i eit seinare drøftingsmøte. Ho sa at det ikkje er noko automatisk samheng mellom organisering av avdelingar og kor tilsette skal vere lokalisert. I forslaget til organisasjonsplan handlar det i første rekke om at ei avdeling skal ha ein felles avdelingsleiar. Eidsvik sa også at tenestane skal være nær brukarane i tråd med intensjonsavtalen, og at samhandling på tvers skal vere i fokus i arbeidet i verksemdene og avdelingane.

Opplæring

Geir Skodje viste til at han har fått nokre uttaler om forslaget til organisering som han har sendt prosjektleiar, og bad om at dei ble lest nøye. Han nemnte at tal på leiarstillingar i grunnskulane ser forskjellig ut på like skular, og bad om at dette blei gjennomgått på nytt, likeeins inndeling av barnehagar i dei seks barnehageverksemdene, og han ønska nærare avklaringar av kva rolla til ein verksemdsleiar barnehage og ein barnehagestyrar skal ha. Han ga også uttrykk for at ein av dei assisterande kommunalsjefane bør ha barnehagekompetanse, og at han stilte seg undrande til at alternativ opplæring (Stafsetneset skole og Broen) skulle flyttast organisatorisk ut av kommunalområdet. Geir Lorentsen stilte spørsmål

ved å slå saman fleire skular til ei administrativ verksemd, og viste til høyringsuttaler som argumenterer for at kvar skule bør vere ei eiga verksemd. Laila Alvestad stilte spørsmål ved om barnehagar burde vere organisert meir lik skular, og stilte spørsmål ved kva rolla til barnehagestyrarane skal vere. Jann Ove Ertresvåg sa at det er krav til nærvær for leiarar i barnehagar, og bad om at det blei sett nærare på dette. Han ga uttrykk for at det har vært ein veldig grundig vurdering av leiarstrukturen i grunnskulane i Ålesund kommune det siste året, men at endringar i organisering av barnehagar i Ålesund kommune no kjem veldig brått på. Han ga uttrykk for at han er urolig når det gjeld organisatorisk flytting av alternativ opplæring, og bad om at ein respekterer fag og lovverk i nytt kommunalområde. Han stilte også spørsmål ved kva som meinast med ei «robust» eining. Randi Alvestad ga uttrykk for at det har vore kort frist for dette drøftingsmøtet med tanke på at forslaget inneber ein del endringar i organisering og leiing i fleire skular. Frank Harneshaug viste til at ein har foreslått 6 verksemdsleiarar for barnehagar, men samstundes barnehagestyrar på kvar barnehage, og stilte spørsmål om ein tener noko på dette.

Astrid Eidsvik sa at det er gode argument for at alternativ opplæring organiserast i verksemd familiestøtte i kommunalområde Barn, familie og integrering, men at en med fordel kan gjere meir greie for grunngevinga i planen. Ho sa at ho har lest høyringsuttalane om organisering av skular, men sa at fleire av skulane er så små at det ikkje er naturleg å organisere dei som ei administrativ verksemd åleine. Eidsvik sa at ei robust verksemd er ei eining vi kan drive godt sjølv om nokon er sjuke eller har ferie. Ho sa også at det er viktig at ein ikkje skeivfordelar leiarressursar mellom ulike områdar i kommunen, og viste til at verksemdar elles er foreslått organisert som store einingar. Ho viste også til at fleire små skular i dag er organisert i ei verksemd eller eining, til dømes Stokke og Vik skular. Ein verksemdsleiar barnehage er tenkt å ha eit systemansvar for fag i verksemda, mens barnehagestyrar skal ha fagansvaret i sin barnehage. I dette ligg det at verksemdsleiar delegerer det fagansvaret som er hensiktsmessig. Dette vil likne på den organisasjonsstrukturen ein har i Skodje og Haram i dag. For nokon vil det innebere at dei ikkje vil ha alle administrative oppgåver som ligg til ein verksemdsleiar, men at dei vil ha eit fagleg ansvar i barnehagen. Eit av argumenta som har vore nytta i diskusjonane kring organiseringa er at dette kanskje kan bidra til å gi meir rom for pedagogisk leiing i barnehagen.

Kultur og medborgarskap

Hanne Tonning stilte spørsmål ved korleis stillingar ved svømmehallen er tenkt organisert. Laila Alvestad stilte spørsmål ved kor dei ulike eininga er tenkt lokalisert. Frank Harneshaug stilte spørsmål om kva eit innbyggartorg skal vere.

Astrid Eidsvik sa at bemanningsplan skal drøftast i eit seinare drøftingsmøte, og at lokalisering skal drøftast i eit seinare drøftingsmøte. Ho viste til intensjonsavtalen sine formuleringar om innbyggartorg. For nye typar einingar som dette er ikkje alle detaljar klar enno, men tema i dette møtet er i første rekke drøfting av organisasjonsplanen.

Miljø, by og stadutvikling

Haldor Lillebø viste til at forslaget inneber nye organisatoriske einingar og ganske få verksemdar. Han bad om ryddige prosessar knytt til å innplassere leiarar, og at ein har gode

og like prosessar knytt til bemanning av både verksemder og føretak. Han ga også uttrykk for at personalansvar blir delegert ned til dei som er nær tenestane. Laila Alvestad viste til at det er foreslått å overføre oppgåver som i dag er organisert i kommunane (eigedoms- og reinhaldsdrift) til eit eigedomsføretak. Ho viste til Hovudavtalens bestemningar, og stilte på vegne av Fagforbundet krav om eigne drøftingar om dette temaet.

Konklusjon:

Astrid Eidsvik viste til at partane ikkje rakk å drøfte alle område i organisasjonsplanen i dette møtet, og at ho difor utsett drøftinga av organiseringa av stabsområda til nytt møte onsdag 13. februar 2019 kl. 0900-1200 i Ålesund.

Referent:

Magne Karlsen